

Handelsavtalen EF-Sverige

AV HALLVARD EIKA

Med undertekningsseremonien i Bryssel den 22. juli — på 6 måneders dagen for den tilsvarende seremoni for medlemskaps-søkarane — vart det sett sluttstrek for forhandlingane med EF for dei EFTA-landa som forhandla om tilknytting til EF på basis av artikkel 113 i Romatraktaten.

Dei 6 avtalane er — so vidt ein forstår — alle bygd opp etter same mønster, men med ein del spesifikke variasjoner for det enkelte land. Avtalane er bilaterale, dvs. at dei inngår mellom det utvida EF og kvart einskild av søkarlanda. Kvart land inngår formelt to avtaler, ei med EEC og ei med CECA (Kol og Stålfellesskapet).

EFTA kjem til å halde fram, men slik at dei land som vert medlemmar av EF går ut pr. 1.1-73.

Hallvard Eika skriv dette i ein stor artikkel om Handelsavtalen EF — Sverige. Han gir så eit oversyn over dei viktigaste bestemmelsene i den svenske avtala og kjem deretter med ein del kommentarar, og vurderingar.

Avtala kan seiast opp med eit års varsel frå begge partar og gjeld frihandel med industrivarar som er produsert i EF eller Sverige. Jordbruks- og fiskeriproduktar fell i prinsippet utanfor. Tollfridomen mellom Sverige og dei «tidlegare» EFTA-landa skal stå ved lag med unntak av einskilte næringsmiddelproduktar og millombels for papp og papp.

Veldig forbetring i eksportindustriens vilkår

Ifølge Eika betyr avtala at svensk industri får tollfritt tilgjenge til ein marknad som femner om 16 land og 300 millionar ibuarar og som står for 40 pst. av verdshandelen og 25 pst. av verdsproduksjonen. Svensk industri får med dette tollfri tilgjenge til ein marknad som femner om heile Vest-Europa med unntak av Hellas, Tyrkia og Spania.

Det seier seg sjøl at avtala i so måte representerar ei veldig forbetring i dei vilkåra svensk eksportindustri arbeider under. Og dette er nadd utan at Sverige forpliktar seg til å harmonisera sin politikk, det gjeld såvel handelspolitikken ovenfor tredjeland, den interne næringspolitikk, som den økonomiske politikk generelt.

Det seier seg likevel sjøl at ved at Sverige vert ein del av den sams marknaden for industrivarar, vil landet verta påverka av den politikk EF føre, spesielt på det industri-politiske område, — og det utan at dei får medbestemmelsesrett ved utforminga av denne politikken som ved medlemskap. Dette er eit av hovudargumentane mot frihandels-løysinga både hjå eindel av opposisjonen i Sverige og ikkje minst hjå våre medlemskapstilhengarar.

Til dette er for det første å seia at det i problemet påverknad/avhengighet/manglande medbestemmelsesrett bare ligg ein gradforskjell og ikkje ein vesensforskjell samanlikna med tilsvarende problem andsynes den, politikk t.d. USA, Japan eller Sovjet fører.

Problemets kjerne

For det andre er det nett dette med avveginga mellom «sjølråderrett» og «medbestemmelsesrett» som er problemets kjerne. Sverige har med denne avtala vald å gjeva slepp på medbestemmelsesrett for å behalda sjølråderrett. Sverige avstod frå å søka om medlemskap fordi dette ikkje var i samsvar med deira nøytralitet. Dei avstod frå medlemskap fordi dei i sofall måtte overføre til EF råderett i eit slikt omfang og på slike områder at landet i praksis ikkje lengre kunne føra ein nøytral utanrikspolitikk. Sveriges grunngeving for å velja handelsavtale istaden for medlemskap er m.a.o. nettopp å finna i komplekset sjølråderrett/medbestemmelsesrett.

Men kombinasjonen tollfritt tilgjenge til den sams marknaden og ingen plikt til å harmonisera den bakanforliggende politikk, får sielsagt konsekvenser for utforminga av samarbeidet og avtaleverket.

Den første konsekvensen gjeld verneklusulane.

Millombels karakter

Det er ein klår føresetnad at dei vernetiltak som vert sett i kraft i medhald av desse klausulane skal ha millombels karakter til årsakane til vanskane er eliminerte. Hovudregelen er ellers at problemene skal drøftast i samarbeidskomiteen, før tiltak med slike heimel vert sett i verk, men det er om turvande høve til å sette i verk motiltak utan å venta på handsaming i samarbeidskomiteen. Drøftingane skal ha som mål å løysa problemene utan å gjeninnføra importrestriksjonar, gjeva eventuelle restriksjonar ei slik utforming at skadeverknadene for samarbeidet vert minst mogleg, eller å få restriksjonane oppheva snarast råd. Dei røynslene vi kan syna til både

Vend

frå EFTA-samarbeidet og EF syner ellers at det ikkje er grunn til å tru at verneklauseulane vil verta missbrukte slik at det set verdet av frihandelssamarbeidet på spel, slik det gjerne vert framstilt frå medlemskapstilhengarane. Heile ordvalet i avtalen syner at det her bare er tale om unntaksreglar og at frihandel skal vera det normale.

Opprinnelsesreglene

Den andre konsekvensen ligg i opprinnelsesreglane. Fordi avtale berre gjeld varer produsert i Sverige og EF og partane ikkje harmoniserer sin handelspolitikk ovenfor tredjeland, vert det turvande å fastlegga i avtala kvå krav eit produkt må støtta for å kunne reknast å vera produsert i Sverige eller EF sjøl om det vert nytta varer importert frå tredje land i produksjonen. Tilsvarande opprinnelsesreglar finn ein og i EFTA utan at dei har skapt større vanskar. Det synest likevel klårt at reglane i frihandelsavtalene for rest-EFTA landa er meir restriktive enn dei som gjeld i EFTA.

Dei nye opprinnelsesreglane skal ellers og gjelda for samhandelen EFTA-landa i millom. Hovudregelen er at det ved produksjon av ei vare ikkje må nyttast materiale eller komponentar importert frå tredjeland som fell under same nummer i nomenklaturen som den ferdige vare.

Vanskar for handelen med tredjeland

Konsekvensen av opprinnelsesreglane er på litt lengere sikt først og fremst vanskar for handelen med tredjeland. Bedrifter i Sverige som tidlegare har importert halvfabrikata frå tredje land kan måtte skifte over til import frå EF for å koma innanfor maksimumsprosenten. I tillegg kjem dei praktiske problemene eit komplisert og byråkratisk lagt opp kontrollsystem fører med seg. Eg har inntrykk av at svensk industri legg serleg vekt på dette siste. Det er serleg i den mekaniske og kjemiske industrien at opprinnelsesreglane kan skape vanskar.

Tollavviklinga

Når det gjeld tollavviklinga er det viktig å få fram at det vert tollfritt tilgjenge til den sams marknaden for alle industrivarer — og

at tollavtrappinga tek same tid som ved medlemskap for hovudtyngda av industrien (Sverige ca. 85 pst., Norge ca. 65 pst.).

Papir og papp

Det er papir og papp som har kome dårlegast ut ved at den får 6 års lengere tollavtrappingstid enn ved medlemskap, «streng overvåking» (plafond) i overgangstida og gjenoppbygging av millombels tollmur mot kandidatlanda. Det er da tilsvarande viktig å få fram at det vert tollfrie kvoter i overgangstida. So vidt eg kjenner til har den tollfrie kvoten av avisepapir til EF vore so rommeleg at mest all vår eksport av dette produkt til EF har gått tollfritt.

Den alvorligste ulempa ved den lange overgangstida for papir og papp er at den vil hemma eller utsetja overgangen til høgare foredlingsgrad i vår treforedlingsindustri. Men til gjengjeld kan industrien byggja på at dei også ved frihandelsalternativet vil få ei ikkje ubetydeleg konkurransemessig foremun framføre sine konkurrentar i Canada, USA og Aust-Europa når overgangstida er omme.

Realiteten i situasjonen

Det er i debatten her heime opplyst at dersom tollavtrappingsreglane for Sverige skulle gjerast gjeldande for oss, ville 42 pst. av vår eksport til det utvida EF «bli lagt under langvarig og usikker tollavtrapping». Arsaken skulle vera den ulike eksportstrukturen i dei to landa.

Realiteten i situasjonen vurdert ut frå eksportstatistikken for 1970 er denne:

24 av dei 42 prosentpoenga fell på den varegruppa som i Bryssel populært har blitt kalla «den norske lista» og som femner om aluminium, ferrolegeringar, ymse metaller m.m. (gruppe 2). Denne gruppe får 2 år lengere nedtrappingstid. 9 prosentpoeng fell på papir og papp som får 6 års lengere nedtrappingstid og dei siste 9 prosentpoenga fell på fisk og fiskerprodukter og herda fett som fell heilt utanom frihandelsavtala fordi dei i EF reknast som landbruksprodukt. Ser ein bort frå fiskeproduktene og held oss berre til dei produktene som fell inn under frihandelsavtalen, vert stoda denne:

På det tidspunkt då all industri etter medlemskapsalternativet har fått tollfrie tilgjenge — dvs. 4 1/2 år etter tilknytting — vil framleis omlag 36 pst. av vår eksport til det utvida EF vera tollbelagt etter frihandelsalternativet, om enn etter lågare satsar enn tidligere. Det tilsvarande tal for Sverige er vistnok 15 pst., og dette skulle då visa at frihandelsalternativet er langt dårlegare for oss enn for broderfolket. Men alt 2 år seinare har omlag 90 pst. av all eksport til det utvida EF fått tollfrie tilgjenge i begge land — og går ein ytterlegare 4 år fram har 100 pst. av eksporten tollfrie tilgjenge.

To år kan ikkje vera avgjerande

Desse tala (som byggjer på statistikk i eitt av Europabevegelsens skrifter og som difor bør kontrollerast med offentleg statistikk) syner at det er ingen markert skilnad millom Sverige og Norge på dette feltet — to år kan då ikkje vere avgjerande, sjøl om det gjeld for 24 pst. av eksporten. Det syner og at skilnaden millom dei to alternativna for aluminium og ferrolegeringsindustrien m.m. heller ikkje kan vera avgjerande. Vår industri på desse sektorane må då ha styrke til å tola 2 års lengere tollbelastning med reduserte satsar (samla meir-tollbelastning i heile overgangstida truleg omlag 30 pst. fordelt over 6 år) elles kan ikkje denne industrien vera stort å byggja framtida åt utkantane på, slik det vert hevda frå medlemskapsald.

Dei 9 pst. av vår eksport som skriv seg frå fiskeriane må so vidt eg skjonar reknast med varigt å haldast utanom frihandelen, dersom då ikkje på sikt kan rekna med å angripe problemet via tollfrie kontingentar eller dispensasjonar (jfr. den svenske eksporten av sild).

So lenge ein ikkje har fått tilgjenge til protokollane til den svenske avtalen og nerare svenske kommentarar som syner korleis dei sjolve oppfatar avtala, må det vere fleire uklare punkter. Det gjeld kanskje først og fremst konkurransereglane og den restriktive verknad dei kan få på det industri- og distriktspolitiske område i Sverige. Det er mykje uklårt i samband med opprinnelsesreglane. Det vil verta teke kontakt med Sverige med sikte på å få større klårleik på desse punktene.